



GVARV BÅTFORENING
c/o Aina Ekli Haugland Ketil Skogens veg 3
3810 GVARV

Saksbehandlar, innvalstelefon
Sigurd Anders Svalestad, 33371190

Løyve - Midt-Telemark - Årnesbukta naturreservat -Gvarvelva mellom Gvarv brygge og Norsjø - mudring

Vi viser til søknad 5. oktober 2021 og til melding frå Statsforvaltaren 1. oktober 2021.

Med lovgrunnlag i vernforskrift for Årnesbukta naturreservat punkt VI, 2 gir Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark Gvarv båtforening løyve til å grave bort rundt 3000 m³ sediment frå utløpet av Gvarvelva ut i Norsjø, nær ytre grense for naturreservatet.

Vilkår :Arbeidet skal gjerast mellom 1. august og 15. september, helst i august. Løyvet gjeld 2022 og 2023

Søknaden

Båtforeningen søker løyve til mudring for å halde utløpet av elva ut i Norsjø djupt nok for båtane. Dei vil fjerne sand frå 0,6 m djup til 1,5 m djup i 150 m lengde og 20 m breidde. Sanden skal dumpast i Norsjø utafor reservatet. Dei vil og mudre lenger oppe i elva. Det er ikkje innafor reservatet, og blir ikkje nemnt meir her.

Lovgrunnlag

[Verneformålet](#) er: «Formålet med fredningen er å bevare et viktig våtmarksområde med vegetasjon, fugleliv og annet dyreliv som naturlig er knyttet til området.» Uttak av masse er forbode, men punkt VI 2 gir rom for løyve til mudring. Tiltaket skal vurderast i lys av naturmangfaldlova §§ 7-12.

Vurdering

I tilsvarande løyve 27. juni 2006 skreiv Fylkesmannen: «...kan forvaltningsmyndigheten likevel gi tillatelse til "nødvendig oppmudring i utløpet av Bøelva." Denne bestemmelsen er tatt inn i verneforskriften fordi behovet for mudring var godt kjent allerede før vernevedtaket.» Etter den tid har elva fylt opp att båtleia. Statsforvalteren vil gi løyve i samsvar med føresetnadane for vernevedtaket.



Når tiltaket vert gjort etter vilkår i løyvet, skal ikkje negative verknadar på økosystemet verta nemneverdige, sjå naturmangfaldlova § 10. Etter vår vurdering er kunnskapen om naturmangfaldet god nok. Den delen av gravinga som ligg i reservatet, er så langt ut mot Norsjø, at verknad på fisk, elvemusling eller yngel i elva ikkje kan bli nemneverdig. Noko omsyn til føre-var-prinsippet er likevel lagt til grunn for vilkår om årstid for arbeidet i samsvar med naturmangfaldlova § 9.

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfald som tiltaka gir, dersom det ikkje er urimeleg ut frå omfanget av tiltak og eventuelle skader, sjå naturmangfaldlova § 11.

Naturmangfaldlova § 12 føreset at slike tiltak vert gjort med omtanke for å hindre skade på natur. Dette vert utdjupa i løyvet etter reglane om ureining i eige brev. Her er det vilkåret om når på året arbeidet kan gjerast som tek omsyn til fugl og fisk.

Det er fuglane som gir mest grunn til vilkår for unntaket frå verneforskrifta. Dei brukar reservatet heile året, men figuren nedanfor, frå artsobservasjon.no, viser at det vert sett minst fugl i slutten av juni og juli. Nokon fuglar med egg eller ungar kan verta uroa i juni og juli. Gravinga bør derfor helst gjerast i august, men ikkje etter 15. september. Gamle flyfoto viser at Øytangen hadde opne flater med sand eller mudder. Slike tørrlagte strender er det lite av, og dei er viktige for mange vadefugl. Det vil derfor vera eit godt tiltak for fleire fuglearter om noko av sanden kan leggest opp mot, eller i ytterenden av Øytangen, slik at det blir noko meir tørr sandbanke på låg vassføring,

Vedtak

Med lovgrunnlag i verneforskrifta for Årnesbukta naturreservat punkt VI, 2 gir Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark Gvarv båtforening løyve til å grave bort rundt 3000 m³ sediment frå utløpet av Gvarvelva ut i Norsjø, nær ytre grense for naturreservatet.

Vilkår

Arbeidet skal gjerast mellom 1. august og 15. september, helst i august.
Løyvet gjeld 2022 og 2023.

Klage

Alle som har rettsleg partsinteresse kan klage innan 3 veker. Send klagen til Statsforvaltaren, for vurdering om vedtaket likevel bør endrast eller om klagen skal gå til endeleg avgjerd hos Miljødirektoratet.

Utklippet nedanfor er frå artsobservasjon.no:



Histogram


Vis uker Vis år

Histogramdata:

- Antall observasjoner
 Antall individer

Søkeparametre: **Fugler** × **2013 - 2022** ×**januar - desember** × **Årnesbukta, Midt-Telemark, Vt** ×

Her vises hvilke parametre som er benyttet for å få fram søkeresultatet nedenfor. Klikk på fanen "søk funn" for å [endre søket](#).



Med helsing

Arne Christian Geving
fagsjef

Sigurd Anders Svaalestad
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestfold og Telemark fylkeskommune
Midt-Telemark kommune

Postboks 2844 3702 SKIEN
Postboks 83 3833 BØ I
TELEMARK

NORSK ORNITOLOGISK FORENING, TELEMARK AVDELING,
KRAGERØ LOKALLA
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I TELEMARK

Fossingveien 3790 HELLE
93
Postboks 3089 3707 SKIEN